

BARONIET ROSENDAL



Årsmelding 2025

Baroniet Rosendal, Den Weis–Rosenkroneske Stiftelse

Innhald

<i>Innleiing</i>	2
<i>Nøkkeltal</i>	3
<i>Styret si melding</i>	4
<i>Formidling</i>	7
<i>Kulturprogrammet</i>	10
<i>Kommersiell drift</i>	15
<i>Kunnskapsproduksjon</i>	16
<i>Forvaltning</i>	21
<i>Vedlikehald og oppgraderingar</i>	24

Innleiing

Baroniet Rosendal; Slottet frå 1665, mellom fjord, fjell, fonn og fossefall, representerer fortida i notida, eit eventyr i verkelegheita, ei lita flukt frå kvardagen. Også i 2025 lukkast den vedunderlege nasjonale kulturskatten å vinna plass i hjarta til sine mange besøkjande, akkompagnert av eit rikhaldig kulturprogram, der Rosendal Kammermusikkfestival med Leif Ove Andsnes vart arrangert for tiande og siste gong, og baroniutstillar var Hanne Borchgrevink.

Vona må vera å ynskja dei besøkande på gjensyn som ei lengsle i dei om å stadig venda attende, returnera med nye vener, skapa nye relasjonar gjennom generasjonar. Framtida vil syna korleis Baroniet varetek denne plassen inst i hjarta, men kjensla ein set att med er at det heilt unike vesle slottet, med den bognande rosehagen i den frodige parken, omkransa av dei majestetiske fjella ved fjorden, vaks litt, og gjorde hjarta litt mildare, litt venlegare, også denne sesongen.

Driftsåret 2025 har også denne sesongen vore prega av direktørskifte, med naturlege organisatoriske og administrative endringar. Organisatorisk vart det i januar tilsett ny driftsleiar/vaktmeister, og før sesongen vart det tilsett ny sjef for overnatting og besøkssenter. Drifta har vore fokusert på å oppretthalda baroniet sin posisjon som ein nasjonalt anerkjend kulturarena, samstundes som museumsdrifta har vorte prioritert med fornya formidlingsinnhald. Eit utvida tilbod av kortreiste måltid, kunst- og kulturtilbod gjennom lokalt samarbeid, har og vorte forsterka, samstundes som ein har utvida det kommersielle sortimentet.

Ein må også denne sesongen få framheva det enorme arbeidet tilsette i hage, park og gard, saman med tilsette i drift og administrasjon, har lagt ned for å få gjennomført ein ny vellukka sesong, driftsforbetringar og naudsynt vedlikehald. Ikkje minst kravde uvêret «Amy», som råka i oktober og gjorde store øydeleggingar i park og på bygningar, ei heilt ekstraordinær innsats.

Sesongen 2025 vart opna allereie 1. mai, og sesongen var såleis utvida med tre veker i samsvar med strategien om å utvida opningstidene. I tillegg var det stor aktivitet på konferansar og bestillingar i heile september. Eit slikt løft som sesongen 2025 har vore, lar seg ikkje gjennomføra utan svært kompetente og positive tilsette, innleigde og sesongarbeidarar.

Til sist må Baroniet Rosendal takka sine sponsorar, som bidreg monaleg til drift og vedlikehald av det verna og freda godset. Den største takken skal likevel Baroniet Rosendal sine besøkjande ha - utan besøkjande, ingen levande, bevart og tilgjengeleg nasjonal kulturskatt.

Hjarteleg velkomen attende til Slottet frå 1665, mellom fjord, fjell, fonn og fossefall!

Rosendal, 25.02.26

Anna Lena Flatland
Direktør

Nøkkeltal for 2025

	2024	2025
Samla driftsinntekter	34 591 502	36 812 873
Driftstilskot Kulturdepartementet	2 285 000	2 365 000
Driftstilskot Vestland fylkeskommune	1 769 836	1 964 932
Driftstilskot Kvinnherad kommune	1 400 000	1 400 000
Driftstilskot UIO	4 341 000	4 506 000
Andre offentlege tilskot	1 624 172*	1 895 681*
Billettinntekter slottet	3 039 000	3 087 365
Billettinntekter konserter	3 081 545	2 828 987
Billettinntekter Kammermusikkfestivalen	1 448 284	1 434 572
Eigeninntekter i prosent av omsetning	66,99 %	67,05 %
Billettsal	7 592 174	7 434 550
Lønn og sosiale kostnader	14 014 836	13 903 402
Driftsresultat	- 2 122 457	1 024 591
Betalande besøkande	45 800	42 832

*Produksjonstilskot jordbruk, Vestland fylkeskommune, Norsk kulturråd.

** Unike brukarar.



«Ei grind lukka seg og nye opna...»

Foto: Liv Øvland

Styret si melding for året 2025

Baroniet Rosendal er i dag eit samleomgrep for dei delane som er igjen av det opphavlege bygnings- og kulturmiljøet som hørde til godset Rosendal; Slottet frå 1665, Rosendal Have, Rosendal Avlsgard, Fruehuset, Husmannsplassen Treo, Omshagen og Hattebergdalen, kulturlandskapet mellom fjord, fjell, fonn og fossefall, samt ei rekkje bygseltomter, skogsreservat og freda kulturlandskap. Alt dette er restar av den storslåtte gáva på om lag 516 gardsnummer som familien Weis-Rosenkrone skjenka Universitetet i Oslo i 1927.

Etter mottak av gáva, oppretta UiO Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske stiftinga, som har forvaltningsansvaret, og sørgjer for at drifta følgjer stiftinga sine statuttar nedfelt i donasjonsbrevet frå 1927, revidert i 1992, 2013 og 2019.

Styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga

Styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga (DWRS) vert peika ut av styret for / rektor ved Universitetet i Oslo; 4 representantar med 3 vararepresentantar i nummerert rekkjefølgje: Studentparlamentet (1 representant med personleg vararepresentant), Vestland fylkeskommune (1 representant med personleg vararepresentant) og Kvinnherad kommune (1 representant med personleg vararepresentant).

Styremedlemar for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske Stiftinga

Kategori	Styremedlem	Periode	Vara
Styreleiar	Arne Benjaminsen	01.08.24 31.07.28	Johannes Falk Paulsen
Ekstern	Ellen Horn	01.01.25 31.12.26	Tove Kristin Karlsen
Ekstern	Idar Kreutzer	01.01.25 31.12.26	Ikkje oppnemnt
Studentparlamentet UiO	Henrik Vincent Vassal	20.06.24 20.06.25	Thomas Tangen
Studentparlamentet UiO	Didrik Svellingen	20.06.25 20.06.26	
Universitetet i Oslo	Håkon Glørstad	01.01.24 31.12.27	Aud Valborg Tønnesson
Kvinnherad kommune	Synnøve Solbakken	2024-2027	Oddbjørn Kroka
Vestland fylkeskommune	Silje Nordtveit Olsen	2023-2027	Aslaug Hellesøy

Styret sin aktivitet

Styret har hatt 3 styremøte i 2025 og handsama 23 saker.

Tilsette


Baroniet Rosendal hadde 9,29 årsverk fast tilsette i 2025, mot 9,36 i 2024. I 2025 var det 8,73 årsverk sesongtilsette, mot 9,96 året før. Samla årsverk i 2025 var 18,02, mot 19,32 i 2024.

Likestilling, HMS og arbeidsmiljø

Baroniet Rosendal har i 2025 hatt eit sjukefråvær på 2,1 %, mot 2,5 % i 2024. Det er ikkje registrert alvorlege skadar i 2025. Alle tilsette gjennomførde fyrstehjelpskurs under opplæringshelga for sesongtilsette i april.

Av dei 12 fast tilsette var 8 kvinner og 4 menn. Av dei 81 sesongtilsette var 61 kvinner og 20 menn. Styret i Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse bestod av 3 kvinner og 4 menn, og av varamedlemmene var 3 kvinner og 3 menn.

Organisasjonskart



Miljø og ENØK

Baroniet Rosendal har ingen produksjon eller verksemd som kan seiast å ha negativ påverknad på ytre miljø i form av utslepp av forureinande stoff. Bruk av naturgjødsele har erstatta mykje av bruken av kunstgjødsele, og det vert berre brukt naturlege sprøytemiddel i Rosendal Have. Klimaavtrykket til kvar enkelt sau er ikkje rekna ut, heller ikkje den positive verknaden stiftinga sine 9.000 mål skog har i klimasamanheng.

Museet har kjøpt inn el-bil og robotplenklippar, og vil på sikt bytte ut traktorar og plenklipparar til elektrisk drift når det finst fullgode alternativ på marknaden. Solcellepanel på den nye driftsbygninga er under vurdering, samt varmepumper og graving etter grunnvarme på Avlsgarden. Det blir arbeidd med å finne alternativ til lagring og behandling av biologisk avfall og betre sikring mot avsig frå rundballar. Det er òg forbod mot bruk av sprøytemiddelet Roundup på eigedommen til Baroniet Rosendal.

Sentrale risiko og uvissefaktorar

Baroniet Rosendal er eit av musea i Noreg med høgast krav til inntening. I 2025 var Baroniet Rosendal sin eigeninntening på heile 67 % av omsetting. Til samanlikning låg museum på landsbasis på 25 %, og museum i Vestland fylke på 32%. Baroniet Rosendal er svært sårbare i høve til dårleg vår, som slår direkte ut på besøkstalet. Kostnadane til straum, løn og varer har gått opp, noko som betyr at Baroniet Rosendal sin kjøpekraft har gått vesentleg ned. For å møte dette, bør ein arbeide for å få opp det offentlege faste tilskotet, slik at ein ligg på same nivå som museum med tilsvarande besøkstal.

For å klara å oppretthalda noverande eigeninntening, må dei tilsette sine arbeidsoppgåver i for stor grad dedikerast til arbeid som generer inntekter og ikkje til ivaretaking og formidling av Baroniet Rosendal og slottet sin historie. Eventuelle overskot går rett tilbake til ivaretaking og vern av dei nasjonalt freda bygningane og hageanlegget.

Baroniet Rosendal har store utfordringar knytt til museale oppgåver. Det er ytterlegare behov for fagkompetanse innan formidling og samlingsforvaltning, samt store prosjekt for å halda bygningsmasse og hageanlegg ved like. For å løyse desse utfordringane, treng ein stabile og føreseielege inntekter, slik at vi kan tilsetja den fagkompetansen som ein treng for å jobba jamt og målretta med desse oppgåvene. Berre på denne måten kan Baroniet Rosendal levera museumstenester i tråd med samfunnsoppdraget over tid.

Rekneskap

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rettvisst bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver og støtte til Baroniet Rosendal i 2025. Styret er òg svært takksame for engasjementet dei tilsette ved museet legg ned for å halde Baroniet Rosendal ope, og for å gje publikum ein unik oppleving av historie, kultur og natur. Vi vonar at det gode samarbeidet kan halde fram i åra som kjem.

Rosendal, 25.02.26.

I styret for Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkroneske stiftelse:

Arne Benjaminsen
Styreleiar

Idar Kreutzer

Ellen Horn

Didrik Svellingen

Håkon Glørstad

Synnøve Solbakken

Silje Nordtveit Olsen

Anna Lena Flatland
Direktør

Formidling

I skildringa av stiftinga sitt formål står det at: «Stiftelsens formål skal også være aktiv formidling av stedets historie og den kulturarv den representerer (....) og at det hertil og til det til hovedsættet hørende gårdsbruk knyttes virksomhet som er av betydning for Universitetet eller dets studerende og som fører videre tradisjoner som er forbundet med stedet.»

I statuttane for stiftinga står det i §3 og §5 at: (....) og skal elles legge forholda til rette for formidling, forskning med utgangspunkt i anlegget og samlingane (....).

Omvisingar

Baroniet Rosendal er eit universitetstilknytt museum. Det gjer at ein må stilla krav til nivået på formidlinga som ein tilbyr, ikkje minst gjennom omvising på slottet og i hagen. Det var difor for 2024 laga ei heilt nytt kompendium for omvisarar. Og med det vart forskning gjort på Baroniet Rosendal dei siste 20 åra trekt inn i formidlinga som skjer gjennom omvisingar. Fokus i omvisingane vart òg dreia frå det kunsthistoriske, til økonomisk historie, og sosial- og kulturhistorie. Dette var motivert av at ein ønskjer å koma ut av den orsakande formidlinga som har prega norske herregardar, og som har fått utslag i ei estetisert formidling, til ei formidling der ein ser på den generelle norske og europeiske historia med herregarden som prisme.

Det vart i 2025 også tilbydd eigne hageomvisingar, som en del av ei ytterlegare satsing på formidling knytt til hage og hagehistorie. Dette både fordi hagen var ein viktig del av Baroniet Rosendal og baroniet si historie, og fordi det er ein stor marknad for formidling av hagehistorie som museet bør retta seg mot.



Positive og flinke sesongtilsette er ein kritisk ressurs.

Det har vidare vorte lagt betydeleg vekt på opplæring av omvisarar med utgangspunkt i den nye kompendiet, med ny kunnskap og dreining av perspektivet. Denne opplæringa skal gjentakast i åra som kjem for å laga ein kultur for den formidlingsretninga ein no har velt. Nytt i 2024 var at alle sesongtilsette deltok på obligatorisk opplæringshelg før sesongen. Her gjekk ein gjennom historia og vertskapsrolla, branntryggleik og førstehjelp, samt naudsynte rutinar. Opplæringshelga var og viktig sosialt, med felles middag og andre aktivitetar. Opplæringshelg vart gjennomført før sesongen også i 2025.

Utstilling

Det vart opna ny båt- og vognutstilling på Baroniet Rosendal i 2024, med oppgraderte miljø- og utstillingstekstar. Som for all produksjon av formidlingstekstar vart det lagt vekt på enkel og klår formidling, og i 2025 vart utstillinga ein del av opplevinga ved Baroniet Rosendal.

Renessansehagen og landskapssparken er ei levande utstilling og ei forlenging av slottets samlingar, der hagen og parken formidlar historie og hagekunst til publikum. I 2025 har Baroniet Rosendal aktivt formidla kunnskapen om hagen og parken gjennom omvisingar, samstundes som ein har fortsett det viktige arbeidet med å rehabilitera anlegget.



Båt- og vognutstillinga.



Uvêret «Amy» gjorde stor skade på båt- og vognhuset.

Seminar og materiell

Tema for det årlege historiske seminar på Baroniet Rosendal i 2025 var kvinnehistorie, med tre forskingsbidrag av professor Randi Bjørshol Wærdahl (NTNU), fyrsteamanuensis Pernille Ulla Knudsen (København) og professor Jørn Øyrehagen Sunde (UiO), som gav ny kunnskap og innsikt. Kvinnene i Baroniet Rosendals historie er ikkje ukjente, men har i for liten grad vorte løfta fram, og – med unnatak av Karen Mowat – gjort til forskingsobjekt i seg sjølv. I den daglege formidlinga av Baroniet sin historie, har kvinnehistorie fått ein meir sentral plass frå 2025.

Det er i 2025 også utarbeidd nytt informasjonsmateriell som skal nyttast i formidlinga av Baroniet Rosendal sin historie på parkeringsplassen, ved drivhuset, på husmannsplassen Treo, og rundt om i parken. I 2026 vert det òg lagt større vekt på å høgna kompetansen til omvisarane på Baroniet, og på å utvikla hageomvisingane som eit sentralt kultur- og hagehistorisk tilbod.

Det er òg laga plakatar til hagen. Dei er mindre i storleik og inneheld mindre tekst, fordi dei ikkje skal forstyrra inntrykket av landskapet. Desse vil verta plassert på bakkenivå, og vil fortelja historia til dei ulike delane av hagen. Det er planlagt at dette kjem på plass til sesongen i 2026.



Formidlingsprosjekt i samarbeid med Kvinnherad kulturskule.

Kulturprogram

Publikumsarbeid

Baroniet Rosendal har i 2025 arbeid aktivt med å tiltrekke seg eit nytt og yngre publikum, og gjera innhaldet relevant for fleire enn det publikummet som har for vane å oppsøka Baroniet. Det har blitt arbeid med å tilby andre artistar enn dei som har hatt tradisjon for å besøka konsertar på Avlsgarden, slik at ein kan nå nye grupper i tillegg til dei tradisjonelle konsertgjengarane. Under Rosendal Kammermusikkfestival har ein arrangert «Festivalkro» på ein låve i sentrum, i håp om at det kan vere med på å senke terskelen for eit nytt publikum til å oppsøke klassisk musikk.

Baroniet Rosendal har vidare etablert eit samarbeid med Kvinnherad kommune der ein i samarbeid med Kvinnherad kulturskule tilbyr eit formidlingsopplegg for alle 5. klassane i kommunen. Ein har også fått på plass eit samarbeid om å tilby ein teaterførestilling for alle 10. klassane i Kvinnherad kommune.

Til sist har og inngått eit samarbeid med Bygdekvinnelaget om formidling av mattradisjonar i gamlækjøkenet, for å forsøka nå ut til ei breiare gruppe av lokalbefolkninga, samstundes som det er eit flott tilfang til dei besøkande.

Kulturprogram

Stamhusbesittar Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone (1823-1896) var svært interessert i både biletkunst, musikk og litteratur. Han var ein nær venn av malaren Hans Gude, komponisten Halfdan Kjerulf, diktaren Jørgen Moe m.fl. Med utgangspunkt i Baroniet Rosendal si kulturhistorie og dei tradisjonar som er knytt til staden, har museet sidan 1985 arrangert konsertar, kunstutstillingar, foredrag og teater på Rosendal Slott, og sidan 2016 i Riddersalen på Avlsgarden. I 2025 har følgande kulturprogram vorte gjennomført ved Baroniet Rosendal:

Dato	Arrangement
Torsdag 1.mai, sesongopning	Opningskonsert med Leif Ove Andsnes og Solveig Andsnes. Utstillingsopning med bilete av Hanne Borchgrevink og introduksjon ved Gunnar Danbolt. Mjølkekakesteiking i Gamlækjøkenet med Bondekvinnelaget.
Onsdag 5. – fredag 7. mai	Historieformidling på slottet for alle 5. klassingane i Kvinnherad i samarbeid med Kulturskulen.
Laurdag 24. mai	Hageseminar.
Onsdag 4. juni	Kulturskulekonsert.
Fredag 6. og laurdag 7. juni	Show med Finn Tokvam.

Fredag 13. juni	Premiere på filmen om Lul Krag.
Laurdag 14. juni	Historisk seminar «Kvinnene på Rosendal»; Kvinnehistorie frå 1500-1900, fortalt gjennom Baroniet Rosendal sin historie.
Fredag 4. og laurdag 5. juli	Karoline Krüger og Sigvart Dagsland.
Fredag 11. juli	elle melle.
Laurdag 12. juli	Trygve Skaug.
Søndag 13. juli	Ketil Bjørnstad i den røde sal.
Torsdag 17. juli	Jonas Alaska med band.
Fredag 18. juli	Eva Weel Skram.
Måndag 21. og tysdag 22. juli	Bjørn Eidsvåg.
Onsdag 23. juli	Øystein Greni.
Torsdag 24. juli	Kari Bremnes.
Fredag 25. juli	Ingebjørg Bratland.
Laurdag 26. juli	Thomas Dybdal.
Fredag 1. og laurdag 2. august	Vamp.
Onsdag 6. – søndag 10. august	Rosendal Kammermusikkfestival.
Fredag 29. august	Shakespeare i borggården.



TNT Theatre og ADG Europe presenterte Shakespeare sitt stykke "Much Ado About Nothing" i borggården. Skuleframsyning på dagtid og open publikumsforestilling på kvelden

Rosendal kammermusikkfestival

Den 10. og siste Rosendal kammermusikkfestival, «Grieg i Hardanger», vart arrangert 6.–10. august. Det var fokus på Edvard Grieg, med to trådar: songane hans og forholdet hans til Hardanger. Grieg skreiv over 150 singlar. Dei mest kjende songane vert ofte sungne, men elles er dette eit repertoar som ikkje vert framført så ofte, særleg ikkje i utlandet. Grunnen til dette er at dei fleste songane er komponerte på norske eller danske dikt, og det er krevjande for utanlandske songarar å framføre dei. For kunstnarisk leiar Leif Ove Andsnes er Grieg sine singlar kanskje det viktigaste og rikaste ein har frå nasjonalkomponisten vår, og det vart framført både kjende og ukjende singlar under festivalen.

Grieg hadde eit sterkt forhold til Hardanger. Han ferierte ofte i Lofthus og budde til og med der i to år. Fleire sentrale verk er skrivne i Hardanger, som strykekvartetten i g-moll, dei norske dansane for firhendig piano, fleire av Vinje-songane og meir. Kunstnarisk leiar fokuserte på verka Grieg skreiv i Hardanger, og på tilknyttinga hans til området.

Knut Vaage var årets samtidskomponist. Vaage er ein etablert og allsidig komponist som bur i Bergen, men som opphavleg er frå Sunde i Kvinnherad. Det vart blant anna urframføring av tre kortare verk kalla «Tilstander», komponerte for kontratenor Daniel Sæther og eit samansett ensemble. I tillegg vart det framført verk av komponisten Geirr Tveitt, som budde i Norheimsund og var svært oppteken av den folkemusikken i Hardanger. Det var med andre ord sterk lokal tilknytting i programprofilen for 2025.

Men det var òg med utanlandske komponistar. Det vart framført fleire verk av Felix Mendelssohn, komponisten som var den første direktøren ved Leipzig-konservatoriet, der Grieg studerte frå han var 16 år. Vidare var det 150 år sidan Maurice Ravel blei fødd, og dette vart markert med å framføre fleire verk av franskmannen. Festivalen inneheldt musikken Grieg ble oppflaska på under studiane i Leipzig, Mendelssohn og Schumann, og det vart spelt Sjostakovitsj siste verk, bratsjsonaten, på dagen 50 år etter at den store russiske komponisten døde i Moskva. Det var barokkmusikk og urframføringar, og ein ekstra lang og innhaldsrik *Grande finale* på avslutningsdagen.

Ein tok verkeleg Rosendals-bygda i bruk under festivalen. Publikum kunne oppleve 15 konsertar i løpet av fem dagar, og nytt i 2025 var at ein kunne oppleve Virtual Reality i Stallen. Der kunne en med hjelp av VR briller oppleve W. A. Mozart sin fjerde strykekvintett. Også dette året vart det arrangert «Festivalkro» på Nerhuslåven midt i Rosendal, i samarbeid med det lokale orkesteret «Jazzverket». Dette er eit flott møte mellom bygda og verda, og no ein tradisjon!



Den 10. og siste Rosendal Kammermusikkfestival



“Sommerens største musikkopplevelse fant sted på en låve i Kvinnherad.”

Maja Skanding, Bergens Tidende

**Rosendal Kammermusikkfestival arrangerast i samarbeid med
Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen.**

Kunstutstilling



Utstilling med Hanne Borchgrevink i slottets vinkjellar og borgstova.

Hanne Borchgrevink var årets Festivalutstillar, i tillegg til ein digital utstilling i Riddersalen med motiv frå «Kunsten i Hardanger». Det vart og laga ein utstillingskatalog med artiklar produsert av professor emeritus Gunnar Danbolt.



Professoren og paraplyhaldaren.

Hanne Borchgrevink stilte ut maleri og tresnitt i slottet sin vinkjellar og i borgstova. Det var både hus- og landskapsmotiver.

Borchgrevink har lenge arbeidet med bilete av forenkla hus, med utstrekkt gjenbruk, der same motiv går igjen i ulike størrelsar og ulike teknikkar: ein slags forskning i biletspråk og verkemidlar. Det vart utstilt Stalheim-motiver i fleire utgåver.

Utstillinga opna 1. mai og stod oppe til 1. september, og var kuratert av professor emeritus Gunnar Danbolt.

Kommersiell drift

Overnatting

Overnattingsdelen var i drift frå 1. mai til 15. september med totalt 1912 overnattingsdøgn, ei auke på 316 frå 2024. Ein håpar at ved å ha ope for overnatting kvar dag gjennom heile sesongen, samt medlemsskapet i «De Historiske», vil vera med på å auka dette talet ytterlegare i 2026. Ikkje minst ved at ein vert synlege på fleire profileringsplattformer enn berre eiga nettside. Mai, juni og september var prega av seminar- og gruppegjester, medan juli og august hadde fleire enkeltbesøkande og kombinasjonar med kulturarrangement. På slike dagar var kapasiteten stort sett fullbooka, men det er framleis rom for betre utnytting i hovudsesongen, blant anna ved å gjera Baroniet meir synlege i møte- og konferansesamanheng. I forbindelse med medlemsskapet i «De historiske», vil ein i 2026 få eit nytt booking-system som vi håpar vil gje enda betre oversikt over bestillingar, reinhald og logistikk, samt forenkla arbeidet med føringar og rapportering. Baroniet Rosendal har fokus på å få på plass betre rutinar som kan vera ressurs sparing og gjera arbeidet meir effektivt.

Butikk

I 2025 blei sortimentet utvida, og det blei lagt vekt på presentasjon av produkt både i hagekaféen, tesalongen og i resepsjon. Tiltaka ein har gjort med presentasjon og sortiment, gjorde at omsetjinga gjekk opp i 2025. Det blei selt ein del suvenirar og skinn, men ein hadde og fokus på kortreiste produkt som honning, sider og kjeks. Vi vil fortsetja å tilpassa sortimentet for å gjera museumsbutikken attraktiv for dei besøkande og for å ytterlegare auka omsetjinga.

Restaurant

I 2025 har restauranten opplevd ein solid vekst, med totalt over 5 500 førehandsbestilte gjester. Dette talet omfattar i hovudsak 20 konsertmiddagar, men og:

- organiserte grupper for lunsj og middag, bedriftsmiddagar, fødselsdagar og liknande.
- grupper som kombinerer omvising i slottet og hagen med lunsj eller middag.
- seminarverksemd og overnattingsgjester.

Under Kammermusikkfestivalen hadde ein ansvar for full kost (frukost, lunsj, middag og mellommåltid) til om lag 50 artistar, og det vart gjennomført to bryllaup i sesongen.

Når det gjeld den kulinariske profilen, har Baroniet Rosendal vidareutvikla fokuset på moderne norsk mat. Vi baserer menyane våre på lokale råvarer og leverandørar, noko som også støttar det lokale næringslivet. Tilbakemeldingane frå gjestene er svært gode, og vi set høg kvalitet og gjestetilfredsheit øvst. Kjøkkensjefen har lagt stor vekt på å byggje eit stabilt team, noko som sikrar kontinuitet i drifta. I 2025 kom ein stor del av kokkane frå 2024-sesongen attende, noko som er svært gledeleg.

Kafé

Rosendal hagekafé heldt ope frå 1. mai til 31. august 2025. I mai var kaféen open i helgane. Som året før har kaféen tilbode ein fast to-rettars meny for grupper, og ein har halde fram med det gode samarbeidet med aktørar som «Rødne Fjordcruise» og «Countrywalkers». Inntektene har økt samanlikna med 2024, og ein har introdusert nye rettar på menyen som har vorte svært godt mottekne av gjestene. Tilsetjing av meir erfarne kokkar har ført til både høgare kvalitet på maten og betre arbeidsorganisering internt. Bruk av råvarer frå eigen hage har vore sentralt, og har vorte trekt fram positivt i lokalpressa gjennom fleire artiklar. For dei komande åra planlegg vi å utvida utvalet av lokale smårettar og drikkevarer.

Kunnskapsproduksjon

Erfaringar og kunnskap frå parken vert formidla jamleg gjennom føredrag, seminar og kurs til fagmiljø, forvalting og styresmakter. I november 2025 vart det halde føredrag under NMBU sitt etterutdanningskurs i besøksforvalting, med temaet «Relasjon mellom natur og kultur i eit landskapsperspektiv» og Baroniet Rosendal som case, retta mot kommunale og fylkeskommunale representantar. I tillegg har vi halde føredrag for bachelor- og masterstudentar ved NMBU, samt populærvitskaplege presentasjonar for mellom anna hagelag på Austlandet, i tillegg til eit eige hagehistorisk seminar på Baroniet.

Fullt hus på hageseminar i Rosendal: – Veldig stolte av baroniet



TRIO: Ragnhild Margrete Næs (t.v), Marita Langesæter og Idunn Maria Langesæter Førde, koste seg på hageseminar i Rosendal laurdag.
Foto: Simen Vederhus

I mai 2025 vart det gjennomført eit hagehistorisk seminar på Baroniet med tema «350 år med nyttehagetradisjon». Seminaret omfatta føredrag om Baroniets eigen nyttehagetradisjon, samt erfaringar frå NTNU om bevaring av historisk plantemateriale og frå andre museum om vern av nytteplanter. Seminaret samla nær 100 deltakarar og fekk god omtale i tidsskriftet «Park og Anlegg». Arrangementet bidrog til formidling av kunnskap om historiske hagar og deira rolle i norsk kulturarv til både fagmiljø og allmennheit. Oppfølging er planlagt i 2026 med tema «350 år med tre i Rosendals Have», med fokus på kulturarv, skjøtsel og historia bak park- og frukttre frå 1600-talet til i dag.

I tillegg vert erfaringane frå Baroniet dokumenterte gjennom vitskaplege publikasjonar. Blant anna vart det publisert ein artikkel i det tyske tidsskriftet «Die Gartenkunst»:

«Landschaftspark der Baronie Rosendal, Norwegen – Restaurierung rustikaler Brücken als denkmalpflegerische Herausforderung», side 191–204, som skildrar forskinga og bakgrunnen for den praktiske restaureringa av rustikale bruer som ei kulturminnefagleg utfordring.

Nettverk

Baroniet Rosendal var i 2024 med å ta initiativ til eit nettverk av herregardar for å forska på og formidla norsk herregardshistorie. Deltakarar er forskarar og formidlarar frå Vestfold musea, Herregård i Larvik, Jarlsberg stamhus, Høgskolen på Vestlandet, Lysekloster, Eidsvoll 1814, og Bogstad gard, ved sida av Baroniet Rosendal og Universitetet i Oslo. To workshop'ar i 2024 skulle følgjast opp av ein ny workshop på Baroniet Rosendal i 2025, men den vart utsett på grunn av sjukdom. Den vert i staden arrangert i mai 2026, og kopla til det årlege historiske seminaret på Baroniet Rosendal, som vil ha norsk herregardshistorie som tema.

Baroniet Rosendal er framleis medlem av museumsnettverk for kulturlandskap, der vi deltek i faglege diskusjonar og erfaringsutveksling. Deltakinga i 2025 var noko avgrensa, men vi forventar å delta meir aktivt framover når tema vert meir relevante for drifta vår.

Museumsdirektørsamling

I oktober var alle museumsdirektørane i Vestland fylke og kulturadministrasjonen i Vestland fylke på besøk på Baroniet. Dette er eit nyttig nettverk å vere ein del av, sosialt og fagleg.

Samarbeid med MUHO

Baroniet Rosendal har eit godt samarbeid med Museumssenteret i Hordaland. Dei yter bistand når det gjeld handtering av gjenstandar og råd i høve konserveringspørsmål og utfordringar.

Samarbeid med DNS

I 2025 vart det starta opp samtalar for å få til eit teatersamarbeid med Den Nationale Scene i Bergen. På slutten av året i 2025 vart samarbeidet tildelt 3-årig regionale kulturmidlar frå Vestland fylkeskommune. Samarbeidet vil ein kunne oppleve resultatet av i august 2026.

Bidrag til kulturarvsforvaltning

Erfaringane frå arbeidet med Baroniet sitt hage- og parkanlegg har vore ein viktig del av NMBU sitt høyringssvar til ny kulturminnelov. Dette bidreg til å synleggjere behovet for vern og fagleg kunnskap om grønne kulturminne, og styrkjer deira posisjon i norsk kulturarvsforvaltning, noko som forhåpentlegvis gir direkte nytte for vidare forvaltning av Baroniet Rosendal.

Rettsprotokollar

Prosjektet med avskriving av rettsprotokollane for Rosendal birk vart utvida, og i 2025 er protokollane for 1719 til 1800 avskrivne. Avskriftene er gjort tilgjengelege for Skriftavdelinga i Arkivverket ved arkivar Marianne Herfindal Johannessen, og brukt til å trenar eit avskriftsprogram. I 2026 skal programmet testast ut på anna arkivmateriale, og ambisjonen er å få eit program som Baroniet Rosendal kan bruka til å skriva av eige arkivmateriale med stor grad av presisjon. Skriftavdelinga ved Arkivverket og Baroniet Rosendal/UiO presenterte avskriftsprosjektet på Dei norske historikardagane i Trondheim i 2025.

Forskar på Baroniet Rosendal og professor ved UiO, Jørn Øyrehagen Sunde, publiserte 30. september 2025, boka «Forsvarstale for eit vondt menneske - Rett, samfunn og kvinner på 1700-talet». Boka er ei historie om dagleglivet på Vestlandet, fortalt med historia til Kari Knutsdatter frå Hardanger som raud tråd. Samstundes er boka den fyrste av tre bøker om Baroniet Rosendal sin historie, der denne fyrste boka fortel historia til dei som levde i Baroniet sitt nærmiljø. Arkivmateriale frå Baroniet Rosendal, mellom annan avskriftene av rettsprotokollar, er difor brukt i boka, og Baroniet ofte omtalt. Boka har vorte meldt i Klassekampen, Morgenbladet, Dag og Tid, Vårt land, Bergens Tidende og Forskerforum, og omtalt på NRK radio P1 og Vestland.

Det er utarbeidd nytt informasjonsmateriell som skal brukast i formidlinga av Baroniet Rosendal sin historie på parkeringsplassen, ved Drivhuset, på husmannsplassen Treo, og rundt om i parken. I 2026 vert det òg lagt enno større vekt på å høgna kompetansen til og følgja opp omvisarane på Baroniet, og på å utvikla hageomvisingane som eit kultur- og hagehistorisk tilbod enno meir.

Forsking, formidling og praktisk arbeid

Kunnskapsutviklinga ved hage- og parkanlegget på Baroniet Rosendal byggjer på ei integrering av praktiske tiltak og vitskapleg arbeid, der parken fungerer som eit levande laboratorium for forskning, læring og formidling. Erfaringane frå skjøtselen og forvaltninga av parken dannar grunnlag for fagleg utvikling og kunnskapsformidling til forvalting, styresmakter og fagmiljø. Nedanfor vert sentrale aktivitetar oppsummerte, som illustrerer dette:



Kulturrådet sitt sikringsutval på besøk

Stormskader og sikringstiltak

Besøk frå Kulturrådet, Sikringsutvalet, i september 2025 illustrerte kor viktig fysisk formidling og dialog på staden er for å forstå utfordringar knytte til naturskadar og sikringstiltak i historiske parkanlegg. Berre ein månad seinare vart behovet for dette tydeleg, då stormen «Amy» i oktober førte til omfattande skadar i parken. Fem tre måtte fellast, og store mengder nedfall vart rydda for å tryggje både dei besøkande og dei kulturhistoriske verdiane i parken. Erfaringane frå desse tiltaka vert dokumenterte og inngår som grunnlag for vidare forskning, fagleg utvikling og praktisk arbeid, samstundes som dei tydeleggjer behovet for snarleg fornying av trebestanden og styrkjer kunnskapen om forvalting av dynamiske kulturminne som hagar og parkar.



2025 kullet arboristutdanninga ved Hjeltnes fagskule.

Arborist- og landskapsarkitektutdanning

I mars/april besøkte 20 studentar og lærarar frå arboristutdanninga ved Hjeltnes fagskule Vestland Baroniet i ei veke for å studere skjøtsel og forvalting av historiske tre. Deltakarane fekk praksiserfaring knytt til klimautfordringar og aldring av vegetasjonsbestandane, med aktiv deltaking frå Baroniets gartnarar og forskar. Samarbeidet har òg gitt Baroniet viktig kunnskap om parken sin vegetasjon og styrkt banda til regionale fagmiljø og nettverk.

Ein landskapsarkitektstudent frå NMBU gjennomførte synfaring i april 2025 med fokus på alléen og trevegetasjon i Baroniets parkanlegg. I samarbeid med Baroniets forskar vert arbeidet følgt opp gjennom ein masteroppgåve som vert levert i mai 2026, og som vil utgjere eit viktig fagleg grunnlag for den komande fornyinga av alléane.

Heilheitleg samlingsutvikling og trygg ivaretaking

Renessansehagen og landskapssparken er ei levande utstilling som rommar ei samling av ulike hageelement, som representerer ulike hagestilar og epokar. Anlegget inkluderer også eit mangfald av plantesamlingar, med både nytte- og prydvestar, staudar, buskar og dessutan ulike typar frukt- og parktre.

Sidan 2020 har Baroniet hatt fokus på rehabilitering av landskapssparken. I 2023 byrja rehabiliteringa av stiane. Arbeidet har inkludert oppgradering av dreneringssystem, stabilisering av støttemurar og reetablering av stiar med historisk tilpassa materiale. Alle tiltak vart utførte i tråd med antikvariske prinsipp, med vekt på å bevare det autentiske uttrykket til parken. Arbeidet vert vidareført så snart økonomien tillèt det.

Rehabiliteringa sikrar funksjonaliteten til parken som eit historisk og kulturformidlande landskap, samtidig som han varetek aukande behov for overvasshandtering. Arbeidet styrkjer rolla ved å bevare den historiske heilskapen og sikra tilgjengelegheit for besøkjande i den levande utstillinga renessansehagen og landskapssparken representerer.

I følge innlevert statistikk til kulturdepartementet består Baroniet Rosendal sine samlingar av:

- 500 Kunsthistoriske gjenstandar
- 12 200 Kulturhistoriske gjenstandar
- 500 Foto
- 19 Kulturhistoriske bygningar
- 7 andre bygningar
- I tillegg kjem kulturlandskap, hageanlegg, levande samlingar med planter og dyr og arkiv/kjeldesamlingar



Uvêret «Amy» gjorde stor skade i hagen.

Gjenstandssamlinga er registrert på registreringskort. Dette gjeld både den kunsthistoriske og kulturhistoriske gjenstandssamlinga.

Primus er det leiande systemet for samlingsforvaltning for museum og andre kulturvernsinstitusjonar. Systemet varetek informasjon om samlingane, samt rutinar og prosessar som er knytt til gjenstandane. Det er starta opp eit arbeid i samarbeid med Universitet i Oslo for å få registrert gjenstandssamlinga i Primus. Arbeidet med dei kunsthistoriske samlingane er godt i gang, og ein planlegg å ta fatt på dei kulturhistoriske samlingane når dette arbeidet er ferdig.

Forvaltning

Bevaring og sikring

Vedtektene for Baroniet Rosendal seier at: *«Der skal således til alle tider på en pietetsfull måte vernes om hovedbygningen på Rosendal med deri værende innbo, kunstgjenstander og bibliotek-gjenstander som aldri må skilles derfra den til hovedsættet hørende park og have samt Rosenkrones gravsted på Kvinnherad Kirkegård. Det er Stiftelsen sitt ansvar også å sørge for vedlikehold og vern av hele det unike bygnings- og kulturmiljøet Baroniet Rosendal med verneverdige bygninger, det nære kulturlandskapet som inkluderer Rosendal Avlsgård, Omshagen samt Stiftelsens eiendommer i Hattebergdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark...»*

I statuttane for stiftinga står det i §3 og §5 at Baroniet Rosendal *«skal vyrdsla, verna og halda vedlike bygningane, anlegga og samlingane som høyrer inn under museumsdrifta...»*

Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske (DWRS) stifting eig per 31.12.25 til saman 25 gards- og bruksnummer, der 3 b.nr. er bortbygsla. DWRS sine eigedomar består elles av skogsteigar på til saman 9.372 mål i Fusa, Ølve, Ænes og Rosendal.

Ein god del av desse områda høyrer inn under Folgefonna nasjonalpark (ca. 3.800 mål), medan skogeigedomane i Fusa (3.088 mål) vart freda i statsråd 13.12.2019. Resten av skogane er lokaliserte på Ølve (2.247 mål). DWRS har òg eigedomar i Hattebergdalen landskapsvernområde (ca. 2.000 mål) og i det freda kulturmiljøet Baroniet Rosendal (ca. 350 mål). DWRS sin eigedom er dermed på totalt ca. 12 000 mål.

Ein stor del av museet sine ressursar går med til ordinært vedlikehald av Rosendal Have, herunder Renessansehaven frå 1665, den Romantiske landskapsparken frå 1850 årene, den rekonstruerte kjøkken & urtehagen, samt pleie av kulturmiljøet Baroniet Rosendal. Aukande ekstremvær med påfølgande omfattande skader i hage og landskap, er ei stor utfordring og økonomisk belastning.

Skog

Baroniet Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske stiftelse eig ein del skogseigedommar i Kvinnherad og Fusa. Skogen i Fusa vart i Statsråd 13.12.19 freda som naturreservat etter Naturmangfaldslova. Området inngår no i Baroniet Rosendals heilheitlege forvaltningsansvar.

Gardsdrifta Rosendal Avlsgard

Rosendal Avlsgard hadde 125 vinterfôra sau i 2025. Garden har 7 ulike sauerasar; Kvit Sau, Gammelnorsk Spælsau, Cheviot, Pels, Svartfjes, Farga Spælsau og Kvit Spælsau. Baroniet stilte ut vêrlam på ei kåring i oktober, alle lamma vart kåra til premie. Baroniet tok i mot 209 lam i april og hadde ein bra beitesesong med godt slakteresultat hausten 2025.

Avlsgarden stilte ut vêrlam for kåring i oktober. Kåringa var i Kvinnherad, men for kjøparar frå heile Vestlandet. Alle lamma vart kåra. Det er stor rift etter baronilam og alle blei selde.

Baroniet Rosendal har lang tradisjon for å samarbeide med Norges miljø- og biovitenskapelige universitet om forskingsprosjekt, og det arbeidast med nye søknader nasjonalt og internasjonalt. I høve bemanning så nyttar ein eigne tilsette i hagen til å bidra i gardsdrifta. Dei inngår også i turnusordninga med stiing av dyr i helger og lamminga om våren, som er svært tidkrevjande. Landbrukstenester Folgefonna har hatt tilsette inne 2 helgar i månaden til føring og stell av sauene, og i lammingsperioden.

Sauene går heile sommaren på beite i det nære kulturlandskapet. Dei er ein attraksjon og estetisk oppleving i seg sjølv, samstundes som dei også er kjærkomne pleiarar av landskapet.

Arkiv/magasin

Baroniet Rosendal forvaltar ei kunstsamling som best kan definerast som ei museumssamling. Samlinga har ein fast, stabil karakter, og består av verk av høg kunstnarisk og kulturhistorisk verdi. Kunstsamlinga er eigd av Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske Stiftelse, medan forvaltningsansvar er lagt til Universitetet i Oslo (UiO) ved Kunstsamlingen, i samarbeid med Kulturhistorisk museum (KHM) og Restaureringsatelieret. Baroniet Rosendal si kunstsamling omfattar eit stort tal maleri, teikningar, trykk, skissebøker og gjenstandar knytt til baroniet sin historie. I dag er store delar av samlinga såkalla «i flyt» – utan fast plassering og lagra i ulike rom utan tilfredsstillande klima- og sikringstilhøve. Den eksisterande oppbevaringa er mellombels og utilfredsstillande:

- Midlertidig kunstlager er etablert i eit rom utan klimastyring.
- Ein del av samlinga, inkludert fotomateriale, er plassert i eit rom der klimaet ikkje er egna og risiko for fuktskadar er høg.
- Den verdifulle boksamlinga oppbevarast under tilsvarande uheldige forhold.

Dette medfører risiko for tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar grunna fukt, temperatursvingingar, støv, skadedyr og fysisk slitasje. Slik situasjonen er i dag, er det ikkje mogleg å ivareta samlinga i tråd med museale standardar for bevaring. Fagleg kompetanse har tilrådd at Baroniet Rosendal etablerer eit eigna, klimatisert kunstlager på eigedomen.

Eit slikt magasin vil sikre at samlinga kan forvaltast etter museale standardar, innanfor ramma av den freda bygningsmassen. Det vil også bidra til at kunstverka ikkje må flyttast frå staden, noko som er avgjerande ettersom samlinga har sterk tilknytning til Baroniet, eigarhistorikken og den lokale kulturarven.

Det vert jobba med å finansiere eit slikt magasin. Søknad er sendt til Unistiftelsen.

Varsla oppgradering av transmisjonsnett

Statnett har varsla oppgradering av kraftlinjene gjennom det freda området til Baroniet Rosendal. Området er blant dei strengaste freda i Noreg, heimla i Kulturminnelova §22a, som representerer ein av dei sterkaste fredingsformene vi har i Noreg,

Statnett har primært søkt om å få bygge 8 meter høgare master enn dagens master gjennom det freda området, men NVE har gjeve dei pålegg om å utgreia sjøkabel og også eit lengre jordkabelalternativ. Dei foreslege kraftlinjene vil redusere område si estetiske, økologiske, kulturelle og historiske verdi dramatisk.

Alle trasealternativ gjennom Rosendal som er fremja av Statnett i meldinga til NVE, bryt med fredinga av Baroniet Rosendal. Baroniet Rosendal meiner at Statnett i denne meldinga ikkje i har teke omsyn til at store deler av Rosendal er freda med den sterkaste fredingsforma ein har i Noreg.

Det er vidare openbart at alternative traséløysingar til luftspenn gjev særlege miljøgevinstar og ein betre totalløysing alle omsyn tatt i betraktning. Det må kunne settast spørsmål ved om ikkje realisering av nokre av dei føreslegne traséalternativa kan representera eit miljølovbrot i eit av landets mest freda og verneverdige område.

Det er blitt arbeid målretta med å få fram Baroniet Rosendal sitt syn i saka.

<https://www.bt.no/btmagasinet/i/Jbybam/baroniet-i-rosendal-anna-lena-flatland-kjemper-mot-kraflinjer>

Anna Lena Flatland, direktør for Baroniet Rosendal:



VIKTIG MØTEPLASS: Baronidirektør Anna Lena Flatland fekk tala baroniet si sak i møte med blant anna energiminister Terje Aasland og her avbilda med NVE-direktør Kjetil Lund. Foto: Cassandra Grundtvig Jespersen

«Rosendalsveko» i august.

Foto: Kvinnheringen.

Vedlikehold og oppgradering

Ventilasjon i Riddersalen

Riddersalen er eit av Baroniet Rosendal sine viktigaste tilbod til lokale og besøkjande gjester. Gjennom heile sommarsesongen vert det arrangert konsertar med høg kvalitet til glede for både lokalbefolkning og tilreisande. I sesongen 2025 bestod kulturprogrammet av over 50 konsertar med kjende artistar og arrangement som historisk seminar, hageseminar, filmvisning, kulturskulekonsertar, skuleavslutningar.

Dagens ventilasjonsanlegg er enkelt med berre utsug av luft frå salen (ei stor vifte inne i kanalen). Anlegget har ingen kjøleeffekt, og vert berre brukt til å skifta ut all luft raskt i salen mellom konsertar. Frisk luft må koma inn gjennom vindaugo og dører. Anlegget kan berre køyrast på lågt nivå under konsertar grunna støy, og kapasiteten er då liten. Salen har ikkje eit fullverdig ventilasjonsanlegg som kan sikra fullgod luftkvalitet og temperatur.

Forslag til løysing er å installera eit aggregat i kvar ende av midtfløyen i driftsbygningen på Avlsgarden, i god avstand frå salen, på lofta i aust og vest. I aust finst allereie ventilasjonsloftet, mens i vest må dette byggast ved å etablera nytt etasjeskilje. Mellom desse byggjast det ein kanal fram til Riddersalen. Inne i Riddersalen vil kanalen vera to kanalar i stoff med 50 cm. diameter, hengande oppe under mønet i taket - *tekstilbasert ventilasjons løysing frå «KE Fibertec»*.

Sparebanken Norge har gjeve NOK 1 000 000,- i støtte til ventilasjonsanlegg. Styret i DWRS har vedteke at det er naudsynt å få på plass ventilasjon til konsertsesongen 2026, og det vert jobba aktivt med å få resten av finansieringa på plass.



Mottak av gavesjekk frå Sparebanken Norge.

Foto: Grenda

Vedlikehald og oppgraderingar av bygningsmasse

Tabellen under syner vedlikehald og oppgraderingar som er utført i 2025:

Hus/bygning	Utbetring/tiltak
Slottet	På arker inn mot borggarden er det skifta dekkbord og treverk er måla. Vindauga i andre høgda er kitta og måla.
Båt og vogndhus	Båt og Vogndhuset fekk hard medfart då stormen «Amy» råka i oktober 2025. Vestre enden av bygget, spesielt taket, fekk skader grunna eit bøketre som stod nært og vart delvis riven ned av vinden. Det vart knust nokre skiferheller, og taket vart delvis trykt ned på sørvestsida. Sutaket, vindbord og kledning på vestsida vart delvis skada. Taket er «jekka» opp at i stilling, det er fått tak i ny (gamal) skifer av same type og det meste er på plass att.
Arbeidshuset	Her er arbeidet for det meste slutført: måling av bygget, takrenner og takstein. Gjenstår «grunnarbeid» rundt bygget, reetablering av trapp, noko arbeid i kjellar, samt straum og brannvarsling.
Fruehuset	Montert vindauga aust og sør som har vore demontert og reparerte/kitta på nytt. Desse er måla innvendig og utvendig. Kopla vindauga, så svært mykje arbeid. Skifta ut nokre vassbord, deler av vindskei og nokre kledningsbord. Sør- og austvegg er skrapa, slipt og flikkgrunna. Måla 3 strøk med linoljemåling. Vaska vegg mot nord. Fjerna mose på taket på sørsida av huset. Endra rømmingsveg i 2. høgda, bygd om vindauga i gang/vest til «laus» midtstope/rømmings vindauga. Montert branntau og fjerna eit «markeringslys». Brannvarslingsanlegget er oppgradert med nye sensorar og programvare.
Uthuset	Montert beslag på sylindarlåsar, ut- og innvendig. Nokre takstein måtte rettast på etter stormen Amy.
Avlsgarden driftsbygning	Planlegging av nytt ventilasjonsaggregat for Riddersalen vart påbyrja. Fleire møte med arkitekt og konsulentar for bygg og brann. Det er rydda på vestlåven, der aggregatet skal plasserast.
Avlsgarden hovudhus	Montert stillas aust-, sør- og vestsider. Fjerna Blåregn som har fare stygt med hjørnebord, vindskeier og kledning. Langsida mot sør- og gavlvegger mot aust og vest, samt listverk rundt vindauga, er skrapa, slipt, flikkgrunna og måla med 3 strøk linoljemåling. Brannvarslingsanlegget er oppgradert med nye sensorar og programvare, og ni naudlys er skifta.
Treo	Sør-, vest-, og nordvegg, med listverk/føringar rundt dører og vindauga, er det skrapa, slipt og flikkgrunna. Så er alt måla med 3 lag linoljemåling. Dører har vore demonterte, fyllingar er skifta, og alt er måla og montert på ny. Vindauga har vore demontert, kitta, måla og montert på ny.

Hagekafé og drivhus	Skrapa og slipt treverk på drivhuset. Grunna bart treverk, måla 3 strøk. Flikka på vindaugsrammer og på vest- og sørvegg. Reparert dørstokkar på dei to vestre dørene, og slemma murvegg.
Smio	Arbeidet med restaureringa er starta opp. «Grunnarbeid», drenering og reparasjon av grunnmur er utført. Golvet er komen ned mot opphavleg nivå. Det er montert stillas, «tak over tak» og stillaspresenning rundt heile bygget. Materialar er kjøpt inn, og det er lagt røyr for straum og brannvarsling.
Skjeneflor i Hattebergdalen og i Omshagen.	Årleg tilsyn, ikkje utført noko arbeid.

Bygningsteknisk og branntryggleik.

Årleg kontroll av det elektriske anlegget og sikringsanlegget på alle bygningar er avtalefesta og utført av Kvinnherad Elektro. Brann og Sprinkler Teknikk har hatt årleg kontroll av sprinklaranlegga. Teca (tidlegare KES) har årleg tilsyn med ventilasjonsanlegga. Rentokil er engasjert til å føre tilsyn med insekt og skadedyr på heile anlegget. iteam har kontinuerleg kontroll med varslingsanlegga for innbrot, overvakingkamera og vasstrykk på sprinklaranlegget. Honeywell, Autronica og Kvinnherad Elektro har årskontrollar og service av brannvarslingsanlegga på Rosendal Avlsgard, Sauehuset, Maskinhuset, Fruehus og på Slottet. Bergen brannvesen har kontinuerleg kontroll med varslingsanlegga for brann. Baroniet Rosendal har elles eit svært godt samarbeid med og mottar uvurderleg hjelp frå Kvinnherad Brannvern og El-tilsynet v/BKK.

Tabellen under syner årskontrollar og tilsyn som er utført i 2025:

Hus/bygning	Utbetring/tiltak
Slottet	Årskontroll på brannsentral, sprinklaranlegg, handsløkkarar og brannslange, samt tilsyn.
Hagekaféen	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og brannslange, samt tilsyn.
Hagehuset	Årskontroll på brannsentral, sprinklaranlegg og handsløkkarar, samt tilsyn.
Vogn og båthuset	Årskontroll på brannsentral, sprinklaranlegg og handsløkkarar, samt tilsyn.
Sauehuset	Årskontroll på brannsentral, handsløkkarar og brannslangar, samt tilsyn
Treo	Årskontroll på handsløkkarar, samt tilsyn
Avlsgarden/ Avlsgarden Hovedhus	Årskontroll på brannsentral, sprinklaranlegga, handsløkkarar og brannslangar, samt tilsyn.
Fruehuset	Årskontroll på brannsentral, sprinklaranlegg, handsløkkarar og brannslange, samt tilsyn.

System og anlegg

Tabellen under syner vedlikehald og oppgraderingar som er utført i 2025:

System/anlegg	Utbetring/tiltak
Parkeringsanlegg	Våren 2025 er alt av gamal «infrastruktur» rundt parkeringsanlegget fjerna, og nye skilt, kamera og betalingsterminal er monterte i samarbeid med YouPark/Finter, som er leverandør av teneste og utstyr. Anlegget starta opp 01.05.25, og etter litt innkøyring har dette fungert nærast optimalt.
Turnussystem	Teke i bruk planleggingsverktøyet/turnussystemet Planday.

